



DIGITALISERINGSSTRATEGI FOR NORDFJORDKOMMUNANE 2016 - 2020

Godkjent

Bremanger
KS: 051/16
Dato: 21/06/16

Eid
KS: 073/16
Dato: 22/06/16

Gloppen
KS: 061/16
Dato: 17/06/16

Hornindal
KS: 024/16
Dato: 16/06/16

Selje
KS: 017/16
Dato: 28/04/16

Stryn
KS: 077/16
Dato: 22/09/16

Vågsøy
KS: 051/16
Dato: 16/06/16

Innhold

1. Om samarbeidet, erfaringar og plantilfang	1
2. Bakgrunn for revidering av strategien	2
3. Struktur og forklaring på strategidokumenta	3
4. Målgrupper.....	4
5. Satsingar og målsettingar	5
5.1. Tverrgående områder med målsettingar og satsingar	5
5.2. Utvalde tenestekområde med målsettingar og satsingar.....	9
6. Gevinstar av digitalisering av tenester	12
7. Handlingsplanar	13
8. Oppfølging av strategiplanar og –arbeidet.....	13

DIGITALISERINGSSTRATEGI FOR NORDFJORDKOMMUNANE 2016-2020

Visjon

Ein samordna region der kommunane leverer digitale teneste som gjev innbyggjarane og næringslivet eit reelt digitalt første val

1. Om samarbeidet, erfaringar og plantilfang

Dei sju Nordfjordkommunane Bremanger, Eid, Gloppen, Hornindal, Selje, Stryn og Vågsøy har gjennom fleire år hatt eit fruktbart og godt samarbeid innanfor IKT. Kommunane har vedteke felles digitaliseringsprogram og teikna bindande samarbeidsavtalar for utvikling av fibernett og tenester. Strategiarbeidet skal sikre god effekt av Nordfjordkommunane sin bruk av IKT i tenesteytinga.

Rådmennene er ansvarlege for gjennomføring av digitaliseringsarbeidet, og det er oppretta felles funksjon innanfor IKT-strategi som har fullmakt til å følgje opp og gjennomføre vedtekne strategiske satsingar på vegne av samarbeidande kommunar.

Kommunane har samarbeidd tett i mange år, og det er gjennomført fleire felles IKT-prosjekt med gode resultat. På enkelte område har kommunane har kome ulikt når det gjeld å ta i bruk nye løysingar og å ta ut gevinstane av dei. Det finnast på bakgrunn a dette potensiale for å ta ut større gevinstar. For å setje alle kommunane i samarbeidet i stand til å hauste av IKT-investeringane vart det difor auka fokus på gevinstrealisering og styrka brukaropplæring i Digitaliseringsprogrammet 2014-2017.

Fibernet

Kommunane i Nordfjord har etablert eit eige interkommunalt fibernet mellom seks av kommunane, kalla «Nordfjordfiberen». Alle rådhusa er knytte direkte til nettet, og mange av dei kommunale einingane er knytte opp til dette overordna nettet via lokalt fibernet som er bygd ut i eigen kommune. Nettet er eit avgjerande verktøy for vidareutvikling av samarbeid innanfor den kommunale tenesteytinga. Bremanger, som ikkje er med i fibernettet, leiger liner og får på denne måten tilgang til fellestenestene som Nordfjordkommunane tilbyr.

Fibernet i Nordfjord er eit stort og omfattande offentleg nett som femnar om 7 kommunar. Over dette fibernet blir IKT tenester levert til om lag 6000 IKT-brukarar i administrasjon, oppvekst og helse- og omsorgstenestene. Vidare er om lag 40 grunnskular og 30 barnehagar med til saman ca. 4.700 elevar og tilsette knytte til nettet. Totalt er det om lag 5000 PC-ar tilknytt Nordfjordfiberen.

Erfaring

Dei felles satsingane som er gjennomførde, har vist at det er råd å få til gevinstar, trass i ulik organisering og gjennomføring av satsingane. Betre tenesteyting og positive økonomiske effektar er dømer på gevinstar. Best effekt har ein nådd når satsingane har vore godt planlagde og hatt god forankring i toppleiinga i kommunane. Dei mange satsingane har vore svært ressurskrevjande for dei personane som har vore med, og det er difor viktig at alle kommunane tek sin del av dette arbeidet. Det er også viktig at ein i framtidige satsingar vert flinkare til å prioritere ressursar til prosjektgjennomføring og oppfølging. Eit tiltak som er sett i verk, er auka fokus på prosjektleiarrolla og innføring av krav til prosjektutforming og gjennomføring i samsvar med Direktoratet for Forvaltning og IKT sin prosjektvegvisar.

IKT-løysingane er eit verktøy for å gjere jobben betre, ikkje eit mål i seg sjølv. Ei ytterlegare samordning av IKT-satsinga er viktig for å kunne svare på dei store utfordringane offentleg forvaltning står ovanfor.

Plantilfang

- ✓ Kommuneplanar frå dei sju Nordfjordkommunane
- ✓ Digitaliseringsprogrammet for Nordfjordkommunane 2014-2017
- ✓ IKT Tryggingsplan for Nordfjordkommunane (2015)
- ✓ Vedtekter for felles IKT-Driftssenter i Nordfjordkommunane (2012)
- ✓ Samarbeidsavtale om eForvaltning mellom Nordfjordkommunane (2013)
- ✓ På nett med innbyggerne. Regjeringens digitaliseringsprogram (2012)
- ✓ Digitaliseringsstrategi 2013-2016 for kommuner og fylkeskommunar KS. (2013)

2. Bakgrunn for revidering av strategien

I Digitaliseringsprogrammet for Nordfjordkommunane 2014-2017 står det at programmet skal rullerast i 2016. Det var difor starta opp eit arbeid i 2015 for rullering i 2016.

Omgrepsbruk

I samsvar med omgrepsbruk i KS og i ei rekkje andre kommunar i Noreg er det gjort eit val om å nytte omgrepet *Digitaliseringsstrategi* framfor *Digitaliseringsprogram*.

Forankring

Digitaliseringsstrategien for 2016-2020 baserer seg på "Digitaliseringsprogram for Nordfjordkommunane 2014 – 2017" og erstattar attverande gyldigheitstid for denne, samt ei utviding til år 2020. Strategien skal bygge på dei gjeldande kommuneplanane og andre føringar og behov som er kome fram gjennom strategiarbeidet. I tillegg gjeld alle relevante lover, reglar og forskrifter relatert til datahandsaming. Digitaliseringsstrategien dannar grunnlaget for vidare utvikling av IKT-strategien og IKT-handlingsplanar.

Digitaliseringsstrategien innrettar seg også etter behovet for eit meir samlande grep om IKT-utviklinga i kommunesektoren. Ein viktig faktor her er å kunne legge til rette for betre samordning ovanfor staten og mellom kommunane. Ei rekkje sentrale dokument peikar på

dette: Regjeringa sitt digitaliseringsprogram lagt fram i april 2012, i NOU 2013:2 "Hindre for digital verdiskaping", Stortingsmelding 23: "Digital agenda for Norge" og KS sine vedtak knytt til oppretting av Program for IKT-samordning i kommunesektoren (KommIT)

Digitaliseringsstrategi kontra IKT-strategi


Det er viktig å skilje mellom Digitaliseringsstrategi og IKT-strategi. Ein digitaliseringsstrategi har fokus på korleis IKT kan gjere tilgangen til tenester og informasjon lettare - og slik bidra til at vi arbeider smartare - medan ein IKT-strategi legg vekt på teknologiske føringar og kompetansebehov innanfor IKT området.

3. Struktur og forklaring på strategidokumenta

Digitaliseringsstrategien er ei skildring av kommunane sine mål og strategiar på korleis tenester og informasjon skal vere tilgjengeleg digitalt for både innbyggjarar og tilsette i kommunane. Denne er basert på godkjente kommuneplanar og andre føringar frå kommunane, myndigheiter og andre offentlege instansar.

Digitaliseringsstrategien er det overordna og politiske styringsdokumentet, medan IKT-strategien skal vere det operative styringsdokumentet, og IKT-handlingsplanane skal dekke dei operative tiltaka. For å sikre samanheng gjennom dei ulike nivåa i strategidokumenta er det sett referansar i IKT-strategien til Digitaliseringsstrategien, og i IKT-handlingsplanane til IKT-strategien.

Nedanfor følg ei skisse som viser strukturen i heile dokumentverket med relasjonar til relevante partar.



Basert på Digitaliseringsstrategien skal det utarbeidast ein IKT-strategi med alle teknologiske tilhøve knytt til IKT. IKT-strategien er strukturert med skildringar av dei teknologiske områda med tilhøyrande konkretisering av mål og strategiske aktivitetar for gjeldande strategiperiode.

Basert på IKT-strategien skal det utarbeidast IKT-handlingsplanar for gjennomføring av definerte prosjekt, og andre ikkje-prosjektrelaterte tiltak.

Tiltak i IKT-handlingsplanane for IKT-relaterte prosjekt skal nytte Direktoratet for forvaltning og IKT sin anbefalte prosjektmodell for gjennomføring av digitaliserings prosjekt. Tiltak i IKT-handlingsplanane for ikkje-prosjekt skal definerast og gjennomførast etter nærare avtale mellom eigar og ansvarleg for aktiviteten.

Informasjonsstrategi – kvifor denne er tatt med i skissa

Ein informasjonsstrategi skildrar korleis ein organisasjon skal dele informasjon og kunnskap med innbyggjarane, internt i organisasjonen og med eksterne samarbeidspartnarar. Vidare skal ein informasjonsstrategi bidra til å gje ein organisasjon evne til deling av informasjon og kunnskap.

Hensikta med ein informasjonsstrategi er å gje organisasjonen eit tydeleg bilete av innbyggjaren, brukaren og innflyttaren, og samstundes gje omverda eit tydeleg bilete av kommunen sitt tilbod, tenester og verksemd.

Ein Informasjonsstrategi er ein sjølvstendig strategi, og IKT vil i mange tilfelle vere berar av denne. Difor er det viktig at Digitaliseringsstrategien og IKT-strategien tar høgde for å kunne støtte Informasjonsstrategien.

4. Målgrupper

I Nordfjordkommunane er det følgjande målgrupper definerte:

- Innbyggjarane
- Folkevalde
- Organisasjonar
- Næringslivet
- Administrativ leiing
- Tilsette
- Tenesteleverandørar

5. Satsingar og målsettingar

Visjon

«Ein samordna region der kommunane leverer digitale tenester som gjev innbyggjarane og næringslivet eit reelt digital første val»

Hovudmålet med Digitaliseringsstrategien i Nordfjordkommunane er å yte betre tenester til innbyggjarane og å bli meir effektive når det gjeld ressursbruken internt i kommunane. Dette er i tråd med målsettingane i Regjeringa Stoltenberg – «På nett med innbyggerne» (2012).

Digitaliseringsstrategien konkretiserer visjonen i seks tverrgåande satsingsområder, i tillegg har vi valt å skildre fire definerte tenesteområder med målsettingar og satsingar. Nordfjordkommunane har valt å nytte denne strukturen for å støtte opp under ein meir heilskapleg struktur på digitaliseringsarbeidet som blir gjort i Norge. Ref. KS – «Digitaliseringsstrategi 2013-2016 for kommuner og fylkeskommuner.(2013).»

Tverrgåande satsingar går på tvers av sektorar, og dekkjer alle fagområder innanfor kommunane si tenesteyting. Satsingane har som mål å understøtte dei lovpålagde oppgåvene, å yte betre tenester til innbyggjarane og næringslivet, samt å sørge for at partane sine rettar blir tekne i vare.

For dei fire definerte tenesteområda har ein spesifisert meir konkrete mål og strategiar, utover det som vert dekt av dei tverrgåande satsingane.

5.1.Tverrgåande område med målsettingar og satsingar

Nedanfor føl dei seks tverrgåande satsingsområda med skildringar, mål og strategiar.

5.1.1. Digital dialog

Digital dialog kan gje innbyggjarane og næringsliv tilgang til kommunale tenester via digitale kanalar. Digital dialog vil styrke den demokratiske prosessen gjennom openheit og innsyn i saker, auka tilgjengelegheit til saksdokument og moglegheit for større medverknad frå innbyggjarane. Det kan i tillegg gje eit betre grunnlag for vedtak, som igjen kan føre til færre konflikhtar og raskare sakshandsaming.

Mål:

- Digitale tenester skal vere heilskaplege, brukarvenlege, og universelt utforma. Det skal vere enkelt og trygt å logge inn, og brukarane skal få den hjelpa dei treng for å finne fram i - og bruke tenestene. Det er viktig at innbyggjarane og dei tilsette opplever at digitale tenester ikkje berre er raskare, men òg enklare å bruke enn manuelle/papirbaserte(jamfør Meld. St. 23 (2012-2013) Digital agenda for Norge – IKT for vekst og verdiskaping).
- Kommunane skal ha digitale system som sikrar innsyn i saker og dokument gjennom elektroniske løysingar. Tilgang til gradert informasjon skal vere enkelt for dei som har rett til slikt innsyn. Tilgang til digitale skjema gjer at innbyggjarane sjølve kan søkje

om tenester, og informasjonen som vedkomande legg inn vert automatisk lagt inn i rett kommunalt sakshandsamingssystem.

- Innbyggjarane skal sjølv kunne søkje tenester via digitale skjema, noko som vil effektivisere ressursutnyttinga i kommunane ved at sakshandsamarane unngår unødvendig dobbeltregistrering. Informasjonen som vert registrert skal kunne flyte til aktuelle system utan manuelt registreringsarbeid.
- Den kommunale tryggingssplanen ligg til grunn og sikrar konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit slik at mellom anna personvernet vert teke i vare.
- Tenesteområde som heng saman, skal automatisk kunne utveksle informasjon digitalt der teieplikt eller anna lov ikkje er til hinder for dette. Fagsystem på eit tenesteområde skal generere ein aktivitet i fagsystemet på eit anna tenesteområde ved aktuelle hendingar.

Strategi:

- Etablere IKT-baserte tenester som er brukarvenlege, funksjonelle og sikre, og som med det effektiviserer innbyggjarane sin dialog og ressursbruk ovanfor kommunane og dei tilsette sin ressursbruk i sitt arbeid. Eit godt brukargrensesnitt er avgjerande for å oppnå god utnytting.

5.1.2. Strategisk leing og IKT

IKT er blitt sentralt i alle arbeidsprosessar i kommunane si tenesteyting. Det betyr at IKT-investeringar og -bruk blir ein del av dei framtidige strategiske avgjerdene i kommunane. Det er derfor svært viktig at leinga i kommunane har god forståing for dei moglegheitene som ligg i utnyttinga av IKT.

Mål:

- Nordfjordkommunane skal ha leiarar som ser samanhangen mellom tenesteproduksjon og teknologibruk. Effektiv bruk av IKT i tenesteutvikling skal sikre realisering av gevinstar.
- Nordfjordkommunane skal ha etablert og aktivt følgje opp digitaliseringsstrategi og IKT-strategi med handlingsplanar knytt til kommunale planar og tenesteområda sine behov.

Strategi:

- Etablere gode strategiplanar som blir godt følgt opp i samsvar med gevinstrealisering.
- Sikre at leiarane forstår nytten av IKT-teknologi opp mot tenesteproduksjon og slik vere i stand til å prioritere forbetringstiltak.

5.1.3. Kompetanse

For å kunne utnytte IKT-system og -utstyr, samt data på ein effektiv og sikker måte er det naudsynt med tilstrekkeleg kompetanse hjå tilsette i kommunane. Både om IKT generelt og men også spesielt om IKT fagsystem og IKT støttesystem.

Mål:

- Dei tilsette i kommunane må kunne nytte kommunane sine IKT system. Det skal setjast i gong kompetanseutvikling for dei tilsette innan bruk og utnytting av IKT løysingane.
- Kommunane skal ha tilsette som har bestillerkompetanse relatert til innkjøp og oppfølging av leveransar.
- Kommunane skal kunne gje innbyggjarane og næringsliv støtte og rettleiing i bruk av dei digitale løysingane
- Kommunane sine tilsette skal ha kompetanse om lovpålagde krav til personvern, teieplikt og informasjonstryggleik.

Strategi:

- Etablere og gjennomføre kompetansehevande tiltak for tilsette relatert til teknologiske trendar og moglegheiter, innkjøp, fagapplikasjonar, lov- og tryggingmessige tilhøve, standard programvare (bl.a. kontorstøtte) og teknologisk utstyr.

5.1.4. Arkiv og dokumenthandsaming

Rett arkivering av data, sikker og effektiv dokumenthandsaming er føresetnadar for å kunne følge lovpålagde krav. Likeeins å kunne finne fram til relevante data og dokument på ein rask og rett måte. Kommunane sine arkivplanar er førande for digitaliseringsarbeidet.

Mål:

- Kommunane skal ha digitale system som sikrar innsyn i opne saker og dokument gjennom elektroniske løysingar. Tilgang til gradert informasjon skal vere enkelt for dei som har rett til slikt innsyn.
- Arkivet skal vere komplett, alt skal kome inn, det skal vere lett å finne fram og det skal vere enkelt å følge lover og reglar i arkiveringsarbeidet.

Strategi:

- Etablere og gjennomføre forsvarleg dokumenthandtering innanfor alle fagområde. Sikre lovmessige tilhøve, rett dokumentfangst, rett utlevering i samband med førespurnader. Sikre rett metodikk, prosedyrar og gode støttesystem godkjende for gjeldande NOARK versjon.
- Nyttje offentlege fellesløysingar der det er føremålstenleg.

5.1.5. Personvern, teieplikt og informasjonstryggleik

God informasjonstryggleik er ein naudsynt føresetnad i samband med lovpålagde krav for å sikre innbyggjarane og dei tilsette sin tillit til datahandsaminga. Dette gjeld både innsyn i data og sikring mot angrep på IKT-system og data.

Mål:

- Nordfjordkommunane skal ha strategiar og planar for informasjonstryggleik, der mellom anna datahandsamar avtalar med tenesteleverandørar som handsamar personopplysningar er etablert.
- Nordfjordkommunane skal ha internkontroll og styringssystem i samsvar med lovpålagde krav.
- Nordfjordkommunane skal ha prosedyrar for gjennomføring av grundig risiko- og sårbarheits analysar.
- Ved bruk av skytenester skal det vere laga datahandsamar avtalar.

Strategi:

- Etablere og følgje opp IKT-tryggingssplan, datahandsamar avtalar, internkontroll og styringssystem i samsvar med lovpålagde krav og tilrådingar frå offentlege styresmakter.
- Gjennomføre ROS-analysar (risiko- og sårbarheitsanalysar) som underlag for tiltak og oppfølging.

5.1.6. Arkitektur og standardisering

For at innbyggjarane og næringsliv skal oppleve dei digitale tenestene som gode, må IKT-systema kommunisere seg i mellom gjennom utveksling av informasjon. Kommunane må legge til rette for digital samhandling med leverandørar og brukarar av kommunale tenester.

Ved å nytte felleskomponentar vil kommunane kunne realisere mindre kostnader både for innkjøp, vedlikehald og drift av digitale tenester.

For å få til dette må det utviklast ein IKT-tenestearkitektur. Det betyr å utarbeide forstålege og handterbare arkitekturskisser (informasjonskart) som skildrar korleis dei ulike delane av infrastrukturen heng saman.

Nasjonale fellesløysingar (felleskomponentar) som legg til rette for gode, samanhengande digitale tenester på tvers av verksemdar i offentlig sektor vil vere ein del av IKT-tenestearkitekturen. Dømer på felleskomponentar er Folkeregisteret, Enhetsregisteret, Altinn, Matrikkelen og felles infrastruktur for elektronisk ID (ID-porten) og SvarUT.

Mål:

- Nordfjordkommunane sin IKT-tenestearkitektur skal vere implementert slik at ein kan nytte felleskomponentar og standardar der det føremålstenleg.

Strategi:

- Etablere og vedlikehalde IKT-tenestearkitektur og -standardar samt nytte felleskomponentar der det er føremålstenleg.

5.2. Utvalde tenesteområde med målsettingar og satsingar

I KS sin «Digitaliseringsstrategi for kommuner og fylkeskommuner 2013-2016» er det definert tre sektorielle satsingsområde og desse er implementert inn i denne strategien. I tillegg er det definert ei satsing på administrasjonen i kommunane.

Dei sektorielle satsingane samsvarar ikkje med organiseringa i kommunane, og difor er omgrepet «Utvalde tenesteområder med målsettingar og satsingar» valt. Dette er gjort for å tydeleggjere eit fokus på utvikling av tenestene.

Dei fire utvalde tenesteområda er:

- Helse og omsorg
- Oppvekst og utdanning
- Plan, bygg og geodata
- Administrasjon

Desse er sentrale tenesteområder som i stor grad påverkar både innbyggjarar og tilsette. Det er difor naudsynt med ei sterk satsing innan digitalisering av desse tenestene.

For kvar av desse fire områda er det skildra ei kort innleiing, målsettingar og strategiar.

5.2.1. Helse- og omsorgstenestene

Helse- og omsorgstenestene i Nordfjord har eit sterkt og godt regionalt samarbeid som har eksistert over lengre tid, og dei har hatt mange felles satsingar innan IKT.

Helse- og omsorgstenestene i Nordfjord har også ei strategisk satsing på velferdsteknologi. Strategien for velferdsteknologi er eit supplement til digitaliseringsstrategien for tenesteområdet.

Mål:

- Tilsette skal ha tilgang til føremålstenlege verktøy slik dei kan registrere og/eller hente ut helseopplysingar når dei er hjå pasienten. Dette vil sikre at helseopplysingar er oppdaterte, og på denne måten understøttar eit heilskapleg pasientforløp.
- Norm for informasjonssikkerheit i helse og sosialtenesta skal leggest til grunn for arbeidet med personvern og sikker informasjonshandsaming.
- Nordfjordkommunane skal ha tatt i bruk Helsenettet for elektronisk samhandling.
- Nordfjordkommunane skal ha lagt til rette for deling av helseinformasjon mellom samhandlande aktørar på helse- og omsorgsområdet, og sytt føre for at planlegginga og innføringa er koordinert med alle aktørane.
- Nordfjordkommunane skal ha løysingar som sikrar rask tilgang til, og sikker lagring av dokumentasjon i pasientadministrative prosessar og styringssystem.
- Nordfjordkommunane skal ha valt løysingar for velferdsteknologi basert på standardar som støttar dei gjeldande IKT-tenestearkitekturprinsippa.

Strategi:

- Sikre at IKT i tenesteområdet Helse- og omsorg kan støtte opp under målet om eit heilskapleg pasientforløp.
- Gjennom IKT systema bidra til at helsepersonell på ein effektiv og sikker måte kan gje og ta imot naudsynpte og relevante helseopplysingar.

5.2.2 Oppvekst og utdanning

Oppvekst og utdanning i Nordfjord har eit sterkt og godt regionalt samarbeid som har eksistert over lengre tid og har hatt mange felles satsingar innan IKT og oppvekst.

Oppvekst og utdanning har ei særskilt satsing på IKT i Nordfjordkommunane, «IKT-plan oppvekst for Nordfjordkommunane 2015-2018». I denne planen er visjonen for IKT i Oppvekst og utdanning definert.

«IKT skal vere ein naturleg del av arbeidet i skular og barnehagar i Nordfjord og skal fremje læring, undervisning, kommunikasjon og samarbeid.»

IKT plan for Oppvekst og utdanning er eit supplement til digitaliseringsstrategien for tenesteområdet.

Skulane i Nordfjordkommunane skal utvikle borna sin digitale kompetanse, slik at dei vert betre rusta til å bruke digitale verktøy, medium og ressursar. Dette er særleg viktig for dei som ikkje har erfaring med digitale verktøy heime. Her kan barnehagen og skulen bidra til å jamne ut sosiale skilnader.

IKT i skulen er meir enn bruk av digitale læremiddel. Det famnar også bruk av ulike digitale verktøy og tenester, og digitale ressursar som ikkje nødvendigvis er utvikla til læringsføremål (til dømes oppslagsverk, videoklipp, nettaviser og bloggar).

Mål:

- Born og elevar i Nordfjordkommunane skal oppnå måla i rammeplanar og læreplanar. Dette er fordi digitale ferdigheiter er nedfelt i læreplanverket som ein av dei fem grunnleggjande ferdigheiter i skulen, og skal vere integrert i alle fag.
- Nordfjordkommunane skal ha ein plan for innkjøp og forvaltning av digitale læremiddel, samt planar for kompetanseutvikling for lærarar knytt til bruken av læremidla. For at alle, uavhengig av funksjonsevne, skal kunne ta i bruk IKT-løysingane må prinsippet om universell utforming følgjast.
- Nordfjordkommunane skal ha lagt til rette for eigenstyrt læring og læring i grupper på tvers av klasser, klassetrinn og skular. Dette gjev moglegheit for tids- og stads uavhengig læring, slik at den einskilde elev kan få individuelt tilpassa læring.

Strategi:

- Sikre at born og elevar har digitale verktøy som kan gje dei digitale ferdigheiter i samsvar med måla i ramme- og læreplanar.

- Etablere plan for innkjøp og forvaltning av digitale læremiddel.
- Etablere plan for kompetanseutvikling for lærarar knytt til bruk av læremidla.
- Sikre moglegheit for eigenstyrt læring og læring i grupper på tvers av klasser, klassestrinn og skular.

5.2.3 Plan, bygg og Geodata

Plan, bygg og Geodata i Nordfjord har eit sterkt og godt regionalt samarbeid som har eksistert over lengre tid, og har hatt mange felles satsingar innan IKT.

Mål:

- Nordfjordkommunane skal ha open sakshandsaming i plan- og byggesaksprosessar. Det skal leggjast til rette for innsyn og medverknad i slike prosessar.
- Nordfjordkommunane skal ha utarbeidd krav til bruk av integrasjonsstandardar for fagsystem, til dømes GeoIntegrasjonsstandarden. Slik skal fleire fagsystem innanfor plan-, bygg- og geodataområdet utveksle data med Matrikkelen, andre fagsystem og sakarkivsystem.
- Nordfjordkommunane skal ha ein digital plan- og byggesaksprosess både internt i organisasjonen, i samhandling med resten av forvaltinga, samt i dialog med innbyggjarane og næringslivet.
- Nordfjordkommunane skal ha planar og rutinar for etablering, forvaltning, gjenbruk og deling av geografisk informasjon og kommunaltekniske fagdata.
- Nordfjordkommunane skal ha løysingar for digitale arealplanar, digitalt planregister, Matrikkelen, det offentlige kartgrunnlaget og kommunaltekniske fagdata som støttar gjeldande standardar og nasjonale krav.
- Nordfjordkommunane skal ha tilgang til nasjonale løysingar for bruk innanfor tenesteområda til plan, bygg og geodata.

Strategi:

- Etablere og sikre system for innsyn og medverknad i sakshandsaminga i plan- og byggesaksprosessar.
- Etablere krav til bruk av integrasjonsstandardar for fagsystem.
- Etablere og sikre system for digital plan- og byggesaksprosess både internt i organisasjonen, i samhandling med resten av forvaltinga, samt i dialog med innbyggjarane og næringslivet.
- Etablere planar og rutinar for etablering, forvaltning, gjenbruk og deling av geografisk informasjon og kommunaltekniske fagdata.
- Etablere løysingar for digitale arealplanar, digitalt planregister, Matrikkelen, det offentlige kartgrunnlaget og kommunaltekniske fagdata som støttar gjeldande standardar og nasjonale krav.
- Sikre tilgang til nasjonale løysingar for bruk innanfor tenesteområda til plan, bygg og geodata.

5.2.4 Administrasjon

Administrasjonane i Nordfjordkommunane har eit sterkt og godt regionalt samarbeid som har eksistert over lengre tid og dei har hatt mange felles satsingar innan IKT.

Mål:

- Tilsette skal ha IKT verktøy som gjer dei i stand til å utføre arbeid sitt på ein rask og rett måte.
- Administrative IKT applikasjonar skal vere brukarvenlege og trygge, slik at dei støttar tilsette på ein god måte, og hindrar innsyn frå ikkje autoriserte personar.
- Data skal i størst mogleg grad kunne gjenbrukas på ein sikker og effektiv måte.
- Applikasjonar innan same administrative område skal i størst mogleg grad vere standardiserte for alle kommunane, slik at både investeringar, erfaringar og kompetanse kan delast i størst mogleg grad.
- Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse i bruk av administrative IKT applikasjonar for å kunne nytte desse på ein effektiv og rett måte.
- Tilsette skal ha effektive samhandlingsverktøy som t.d. videosystem, og webbaserte-samhandlingssystem osb. slik at reisetid og –kostnadar kan reduserast.

Strategi:

- Avklare kva applikasjonar som vert definerte som administrative, og kva som skal vere standardapplikasjonane for kommunane.
- Kartlegge nivået på desse i forhold til brukarvenlegheit, funksjonalitet og tryggleik.
- Setje i verk naudsynte forbetringar gjennom prosjekt eller enklare oppgraderingar og tilpassingar.
- Sikre at tilsette har tilstrekkeleg kompetanse i bruk av applikasjonane, og ved behov få naudsynt opplæring.
- Sikre at kommunane i størst mogleg grad nyttar same applikasjon og versjon innan kvart administrative område.
- Vidareutvikle samhandlingsverktøy for enkel og effektiv kommunikasjon, uavhengig av geografi, og på den måten spare reisetid og kostnadar

6. Gevinstar av digitalisering av tenester

- Enklare og raskare å sende inn søknader og andre førespurnadar til kommunane.
- Raskare sakshandsaming i kommunane gjennom meir automatisering og gjenbruk av data.
- Reduserte kostnader til mellom anna papir og porto.
- Større grad av tilgjenge til ressursane i administrasjonen i kommunane til kvalitativt meir komplisert sakshandsaming.
- Større tilfredsheit for innbyggjarane og næringslivet i deira møte med kommunen.

7. Handlingsplanar

For å realisere ovannemnde mål skal det lagast handlingsplanar for prosjekt og for andre aktivitetar. Planane skal eigast og følgjast opp av IKT-strategi v/strategisk leiar IKT, og til ei kvar tid vere godkjende av rådmannsgruppa, og forankra i Strategigruppa for IKT.

Satsingane i handlingsplanane skal vere grunnlaget for innspel og tiltak i dei årlege budsjett- og økonomiplanane til Nordfjordkommunane.

8. Oppfølging av strategiplanar og -arbeidet

Gjennom det godkjende årshjulet for strategiarbeidet skal alle strategiplanar følgjast opp med start av nye aktivitetar, oppfølging av framdrift og naudsynte omprioriteringar. IKT-strategi ved strategisk leiar IKT er ansvarleg for denne oppfølginga.